

Bedrifter vil formuesskatten til livs:

# - Det handlar om overlevingsevna vår

**FØRDE:** Korleis påverkar formuesskatten dei lokale bedriftene våre? Det var tema under eit frukostmøte i Førde fredag.

INA CHRISTIN LØVSETH  
ina.lovseth@firda.no

**FIRDA:** Kring 25 bedrifter var representerte under frukostmøtet som gjekk føre seg på Scandic Hotel i Førde fredag.

Tema var formuesskatt og korleis dette påverkar næringslivet, spesielt i mindre lokal-samfunn.

Til stades var også stortingsrepresentant og nestleiar i Venstre, Sveinung Rotevatn. Han sit også i finanskomiteen på Stortinget.

## Vil ta familiebedrifta inn i framtida

- Formuesskatten har vore her i mange år, men den er eit betydeleg større problem no enn før. Difor tok eg initiativ til å arrangere dette frukostmøtet, slik at bedriftene kunne møte og fortelle Sveinung Rotevatn om desse utfordringane, seier Atle Hamar (V).

Efter ein god frukost, var det sett av ein time til innlegg frå representantar frå næringslivet i Sunnfjord.

Blaant desse var Andrea Fardal Opseth. Han er dagleg leiar i Opseth Invest og styremedlem i Førde Sementvare. Bedrifta fylte nyleg 94 år og er eit av dei lengstlevande bedriftene i Førde. Opseth er fjerde generasjon i bedriften.

- Det er med storleik at eg går inn i selskapet med mål om å forvalte verdiane slik dei er skapt. Men for å kunne halde fram å drive ei lokal forankra familiebedrift inn i framtidia, så er ein avhengig av stabile og gode rammevilkår.

## Råkar evna til å investere

Det Opseth og dei andre bedriftseigarane reagerer på, er nivået på skattane som dei er pålagde å betale. Og då særeg formuesskatten.

- Vi betalar formuesskatt ut ifrå verdiane på formuen vår. Vi investerer i selskapet for å gjere villkåra betre for dei tilsette, det medfører at formuesskatten aukar. Problemet er òg at ein betalar skatt på pengar som nødvendigvis ikkje er opptent, og at ein må bera uansett om ein har hatt eit godt eller dårlig år.

Vidare peikar Opseth på at for-



**SKATT:** - Det er viktig å belyse korleis formuesskatten påverker lokaleide bedrifter, seier Andrea Fardal Opseth i Opseth Invest.

FOTO: INA CHRISTIN LØVSETH



**SKATT:** Sveinung Rotevatn (t.v.) sette pris på innspela dei lokale bedriftene kom med knytt til formuesskatt. Her står han saman med Andrea Fardal Opseth i Opseth Invest, Leif Arne Åsen i Åsen & Øvreid og Atle Hamar.

FOTO: INA CHRISTIN LØVSETH



**DISKUTERTE FORMUESSKATT:** Kring 25 bedrifter var representerte for å diskutere formuesskatt på Scandic Sunnfjord Hotel fredag.

FOTO: INA CHRISTIN LØVSETH

å betale formuesskatten, må ein ta ut meir utbyte frå selskapet for å dekke auka formuesskatt. Når ein då i tillegg må skatte av utbyte ein tek ut, så blir skatten betalar samla sett langt høgare.

- Dette kan tære på selskapa sine reserver og i verste fall påverke overlevingsevna til bedriftene. Når ein må ta kapital ut frå selskapet for å betale formuesskatt, så påverkar det vår evne til å investere i - og utvikle selskapet vidare.

## Eitt av få land

Norge er eitt av veldig få land i Europa som har formuesskatt. Eit selskap i Norge som til dø-

mes har svenske eigalar, treng ikkje betale formuesskatt.

- Det er tøffe tider for flere bransjar no, og uavhengig av resultata våre så må formuesskatten betala. Dette påverkar også konkurranseskarta vår opp mot utanlandske bedriftseigarar, seier Opseth.

Flere av dei frammrøtte peika også på betydninga bedriftene har for lokalsamfunna, gjennom til dømes sponsring av midlar til lokale idrettslag, kultur og andre arrangement. Ein konsekvens av formuesskatt, er at bedrifter ikkje vil klare å bidra til like stor grad som før.

- Eg er glad for at eg hir i velferdsstaten Norge, og eg betalar

gledeleg skatt. Men noko må gjera med formuesskatten. Eksempelvis hadde det vore betre med auka selskapsskatt. Då betalar bedriftene skatt ut ifrå opprente resultat.

## - Gode innspel

Steinung Rotevatn sette pris på alle innspela som kom fram under frukostmøtet.

Han syntet forståing for utfordringane som bedriftene kjänner på som følgje av formuesskatten, som har auka dei siste åra.

- Eg høyrer kva de seier, og dessverre er ikkje dette unikt.

Dette er beskjedar vi har fått frå nesten alle bransjar i næringsli-

vet.

På spørsmål frå salen om kva Venstre vil gjøre med formuesskatten dersom dei kjem i regering ved neste val, svara han:

- Det har vi ikkje bestemt oss for enno, vi held på å diskutere programmet no. Vi kjem garantiert til å redusere den, men kor langt skal vi gå? Eg skulle gjerne ha fjerna den heilt, men då må vi ha ein bevisst plan for korleis ein kan gjøre opp for delar av inntektsstapet til staten. Men eg har fått mange gode innspel her i dag for korleis dette kan takast vidare.